



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 17.09.2015

Møtestad:

Møtetid: 14:00 - 16:00

Planlegging av Eldredagen 2015

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Terje Myrvang		Utvalsleiar
Björg Nordland		Medlem
Ragnar Hope		Medlem
Karstein Totland, ordførar	H	Medlem
Tove Kristin Sleire Tistel	V	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Leiar for helse og omsorg Helga Irene Ellingsen som førte møtebok

Sakliste

Saknr	Tittel
006/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
007/2015	Godkjenning av møtebok
008/2015	Kandidat til eldreprisen 2015
1	Informasjon til eldrerådet om arbeid med kommunereforma i Masfjorden kommune
2	Informasjon om Den kulturelle spaserstokken, Masfjorden
3	Høyring - Rett til opphald på sjukeheim eller tilsvarande bustad
4	Arealbehov til tenesteverksemd og administrasjon i Masfjorden kommune
5	Orientering om arbeid med folkehelseoversikt i Masfjorden kommune
009/2015	Trafikksikringsplan

006/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

17.09.2015 ELDRERÅDET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

ER - 006/2015 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

007/2015: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

17.09.2015 ELDRERÅDET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

ER - 007/2015 VEDTAK:

Møtebok frå eldrerådet 03.03.15 vert godkjend.

008/2015: Kandidat til eldreprisen 2015

Rådmannen sitt framlegg:

Vert lagt fram utan tilråding

17.09.2015 ELDRERÅDET

Terje Myrvang orienterte om saka.

Det var kome inn eit framlegg til kandidat for eldreprisen 2015: Kari Molland

Røysting:

Det innkomne framlegget til kandidat vart samrøystes vedteke.

ER - 008/2015 VEDTAK:

Eldrprisen 2015 vert tildelt Kari Molland, Indre Haugsdalen.

1: Informasjon til eldrerådet om arbeid med kommunereforma i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

17.09.2015 ELDRERÅDET

Eldrerådet ser på det som svært viktig at representantar frå eldrerådet blir inkludert i det vidare arbeidet med kommunereforma.

ER - 1 VEDTAK:

Eldrerådet tar saka til orientering.

2: Informasjon om Den kulturelle spaserstokken, Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg:

17.09.2015 ELDRERÅDET

Tove K Tistel Sleire informerte om at det i tillegg til den kulturelle spaserstokk, har kommunen kulturmidlar ein kan søkje på til arrangement.

ER - 2 VEDTAK:

Eldrerådet tek saka til orientering.

3: Høyring - Rett til opphald på sjukeheim eller tilsvarande bustad

Rådmannen sitt framlegg:

17.09.2015 ELDRERÅDET

ER - 3 VEDTAK:

Eldrerådet tar saka til orientering.

4: Arealbehov til tenesteverksemd og administrasjon i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

17.09.2015 ELDRERÅDET

Eldrerådet ser det som positivt at ein samlar fleire funksjonar på ein stad

ER - 4 VEDTAK:

Eldrerådet tek saka til orientering.

5: Orientering om arbeid med folkehelseoversikt i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

17.09.2015 ELDRERÅDET

Eldrerådet ynskjer å bli inkludert i plan for folkehelse, og vil vere med å arrangere eit felles informasjonsmøte for pensjonistar i høve folkehelseplan. Organisering av eit slikt møte vert å komme attende til.

ER - 5 VEDTAK:

Eldrerådet tar saka til orientering.

009/2015: Trafikksikringsplan

Rådmannen sitt framlegg:

17.09.2015 ELDRERÅDET

Det vert frå eldrerådet peika på fleire ulike moment som er trafikkfarlege på strekninga forbi Hosteland, blant anna;

1. Tunell på Hosteland som er direkte farleg for mjuke trafikantar.
2. Kryssing av veg mellom skule og byggefelt som manglar fotgjengarfelt. Viss ikkje ein får markert fotgjengarfelt, må ein vurdere andre måtar å sikre denne vegkryssinga for mjuke trafikantar. Eit alternativ er å lage ein opning i autovernet, slik at ein kan krysse vegen direkte.
3. Dårleg asfalt på store delar av strekninga forbi Hosteland
4. Manglar buss- skur på Hosteland ved butikken.

ER - 009/2015 VEDTAK:

Eldrerådet ber om at trafikksikringsplan for Hostelandsområdet blir arbeida med både politisk og administrativt i kommunen.

Rett utskrift av møteprotokoll frå eldrerådet den 17.09.15 vert vitna:

Terje Myrvang
Leiar eldrerådet

Helga Irene Ellingsen
sekretær